

Sluttrapport

Saman utgjer me ein skilnad! ***(Prosjekt ved Vigrestad storskule)***

Framandspråksenteret
ved Gerard Doetjes
(FoU-koordinator)

Kort prosjektbeskriving ved oppstart august 2006:

Målet med prosjektet er å gjere Vigrestad storskule til eit didaktisk og metodisk ressurscenter for framandspråk på Jæren. For å realisere eit slikt mål må me trekkje alle målgrupper inn i prosessen: elevar, føresette, pedagogisk og administrativt personale på skulen. I dei åra prosjektet skal vare, vil me vidareutvikle framandspråkopplæringa slik at alle elevar frå 5-10. klasse lærer seg tysk eller spansk. Me vil utvikle mykje spanande materiell, tilpasse arbeidsplanar og metodikk og sikre innkjøp av nye og oppdaterte læremiddel. Vidare vil me knyte kontaktar med elevar og lærarar på skular i Polen og Sveits med tanke på elevutveksling og langvarig elevkontakt via nett og post. Til slutt ønskjer me og å fokusere på bilingval undervisning, CLIL, ved eigen skule og på sikt også kommunalt- og interkommunalt. For å sikre spreiding, vil det verte arrangert kurs – og fagsamlingar både på eigen skule, på naboskular og på skular som viser interesse for desse problemstillingane i nabokommunane.

Status ved slutføring av prosjektet juni 2008:

Me har oppnådd følgjande resultat:

- sett fokus på framandspråkundervisninga på eigen skule, på barneskulen og på skulane i eigen kommune og i nabokommunane. Bore skule i Klepp kommune har starta med *Tidleg start*. På Motland og Varhaug barneskule har dei brukt ein del timar i framandspråk på barnesteget, i Eigersund kommune er fleire skular interesserte og to allerei i gang, og me hadde tidleg kontakt med Stavanger med omsyn til eit fagleg samarbeid innan *Tidleg start* ved skulesjef Eli Gundersen. Sist haust vart det og arrangert ei stor kussamling i Flekkefjord med fokus på *Tidleg start*.
- etablert kontakt med rektorane i kommunen med tanke på samlingar med ulike emne innan framandspråk og CLIL, og avhalde mange fagsamlingar med ulikt innhald og for ulike målgrupper. To av desse samlingane blei lagde til *Holmavatn kurssenter* i Hå kommune, då dei var interkommunale. Dei andre samlingane har funne stad på eigen skule.
- etablert eit samarbeid med en *Ruzcow skole* i Polen med engelsk og tysk som brukarspråk på elev- og lærarnivå. No i vår hadde Vigrestad storskule vitjing av fem lærarar og 25 elevar frå Polen. Til neste år dreg våre lærarar og elevar dit.

- etablert eit samarbeid med tanke på brevveksling og e-post med middelskulen og gymnaset *Academia Engiadina* i Samedan, Unterengadin, Sveits. Skulen er firespråkleg og er ein særns interessant samarbeidspartnar for oss. Elevane i 8. klasse har byrja å brevveksle med dei sveitsiske elevane. Nokre vel å skrive engelsk, andre tysk. Truleg vil eit par av dei sveitsiske lærarene kome på vitjing om eit års tid. Prosjektleiar skal vitje skule i oktober for å vidareutvikle dette samarbeidet. Vår skule har og motteke mykje flott undervisningsmateriell derifrå.
- kjøpt inn nye ordbøker til 9. og 10. klasse samt ei rekkje oppslagsverk, filmar og lettlesbøker til fleire trinn. Desse kan lånast ut til dei andre skulene i kommunen. som ønskjer det.
- organisert ei stor læremiddelutstilling i framandspråk og morsmål i samband med den europeiske språkdagen. Vidare er det og utarbeidd faste opplegg som skal brukast kvart år i samband med språkdagen. Alle klassesteg frå 5- 10 er på ulikt vis med på denne markeringa. Opplegget tiltenkt dei yngste elevane er sendt Framandspråksenteret, og det vil bli lagt ut på nettet i fall nokon er interesserte.
- skaffa til vegs mykje gratismateriell på tysk, spansk og engelsk frå ulike EU-land, bl.a. ei europeisk dagbok, postkort, plakatar, kart og ei særns god språkbrosjyre. Klasseroma har såleis blitt meir internasjonale i denne perioden.
- samla inn særns mange adresser til bra nettstader som kan brukast i framandspråklæringa. Alle desse nettadressane blei sende Framandspråksenteret medio januar og vil bli lagde ut på deira heimeside, slik at dei på sikt kan nyttast av brukarar i heile landet
- utarbeida store undervisningsopplegg innan eventyr, lyrikk, noveller og mange ulike metodiske opplegg innan framandspråkopplæringa til bruk på ulike klassesteg. Elevane kan arbeide med lærestoffet og løyse oppgåvene på fleire språk. Mykje stoff er og samla i fem store permar på eigen skule. Innhaldet i permene kan integrerast i fleire fag og brukas anten som fargetransparentar, kopieringsgrunnlag eller idebank. Bruksspråk kan vere morsmål, hovudmål og sidemål, engelsk, tysk og spansk.
- utvida og fornya mediateket på eigen skule med det beste og det meste som finns av utarbeidd materiell tiltenkt elevar i framandspråk. Materiellet er innkjøpt i inn- og utland over ein treårsperiode.

Konklusjon:

Me har kome i hamn med prosjektet, men lett har det ikkje alltid vore. Den største bøygen var då departementet la "kronglevorne" føringar på det vidare arbeidet med *Tidleg start*. Desse føringane sette ein effektiv stoppar for ei nettverksbyggjing som var godt i gang og som mange hadde vunne stort på å få ha vore med å vidareutvikle. No når *Språkmeldinga* føreligg, ville det heile ha vore mykje enklare for oss. Men me er godt nøgde med det me har fått til. Det har vore lærerike, men krevjande år.

Vigrestad den 20.06.08

Anne Britt Heimdal (s)
-prosjektleiar-

Kopi:

**Ingvar Sør-Reime
-rektor-**